

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 5

Mai 1971

7. årgang

## Bare for syndere

Vi anser synden for overmåte stor, og tenker at Kristus også gjør det samme, og nettopp på denne måten måler vi hans uendelige kjærlighet etter vår fornufts målestokk og hans uendelige fortjeneste etter våre synders storthet. Dette er det største hovmod, ja en bespottelse (Salme 103. 11—12, Esa. 40, 5).

Hør hva Gud sier: «Fri ham fra å fare ned i graven. Jeg har fått løsepenger» (Job. 33, 34, 24 Hebr. 9, 12). «I ham, sier Gud Fader, «har jeg velbehag» (Mat. 3, 17). Gud vil ellers intet ha. Intet annet hjelper deg eller kan gi din samvittighet fred enn Kristus som har tilfredsstilt Faderen. Gud gjør alt for Kristi skyld.

Din fortjente løn er helvete, Guds vrede og forkastelse. Kristi fortjeneste er liv, forlattelse og barnekår. Han vil ikke bare stille deg det første for øynene, men skjenke deg det siste. Å tilgi er Kristi egen ære og største lykke (Jerm. 32, 40—41). Tenk over at så lenge Kristus vandret på jorden, hadde han mer omgang med tollere og syndere enn med skriftlærde og fariseere, som var avgjorte fiender av ham. De holdt seg jo for rettferdige.

Det er ikke slik som du innbiller deg, at Kristus i herligheten gjør ham likegyldig for oss stakkars syndere. Nei, han har det samme hjerte i himmelen som før på jorden. Han er Gud og forandrer seg ikke. Han er og blir Guds lam som bærer verdens synd (Johs. 1, 29). Han har selv gått gjennem alle de

fristelser og vansker, den forlatthet og forkastelse (Matt. 26, 38) som du har fått kjenne. Han har drukket det bitreste av kalken og latt det søteste bli igjen til deg. Du sier: Jeg kan ikke tro og har ikke rett anger og sorg over mine synder. Men det skal du vite at da passer du desto betre for Kristus. Gå til Kristus me dall din ubotferdigheit og vanTro, og få hos ham botferdigheit og tro. Det tjener til hans ære. Si til Kristus: Herre, jeg bringer hverken rettferdigheit eller gaver for å bli mottatt og rettferdigjort ved det. Jeg kommer og vil ha din rettferdigheit. Den må jeg ha om jeg skal bli hjulpet.

I oss selv har vi et slikt sinn at vi alltid gjerne vil føre noe godt med oss til Kristus. Men slik skal det ikke være. Ens naturgaver gjelder ikke så mye som en øre i himmelen.. Nåde og gjerninger passer ikke sammen (Tit. 3, 5, Rom. 11, 6).

Dette er hardt for naturen, som ikke kan tenke at den skal bli ribbet for alt og ikke få beholde en eneste smule av godt og egen rettferdigheit å sole seg i. Egen rettferdigheit og egen hjelp er hjertebarn som den holder så mye av at den før vil dø enn miste dem. Naturen har ingen lengsel etter Kristus. Kristus behager ikke det naturlige menneske.

La bare naturen lage sitt evangelium! Det ble sikkert stikk imot det Kristus har brakt oss. Det ville bare bli for de rettferdige, ustraffelige og hellige. Men Kristi evange-

lium er for deg. Det er for fattige, gudløse, urettferdige, for syndere.

Naturen kan ikke forlike seg med den tanke at evangeliet bare er for syndere. Heller ville den styre seg i fortvilelsen enn å gå til Kristus på slkie vilkår.

Så snart naturen gjennom syndeskylden og straffen blir satt i klemme, vil den nok lete opp sitt gamle rettferdsbo og fromhetsly. Men den allmektige Gud ødelegger disse faste festningsverker.

Ingen annen enn den egenrettferdige er utelukket fra evangeliet. Kristus ser før til den styggeste synder som botferdig erkjenner sin synd, enn til en slik. For han kan ikke bli gjort til rettferdighet for den som ikke er en synder.

I flokk er det lett å si: Jeg er en synder. Men i sannhet å be med tolleren: Gud, vær meg synder nådig! — det er den vanskeligste bønn i verden. Det er lett sagt: Jeg tror på Kristus. Men å se på Kristus som den som er full av nåde og sannhet, og av hvis fylde vi har fått nåde over nåde, det er noe helt annet. Å bekjenne Kristus er en lett sak. Men

med Peter av hjertet å bekjenne ham som den levende Guds Sønn, den eneste mellommann, det er mer enn kjøtt og blod greier. Det finnes mange nok som kaller Kristus for frelses, men få er de som kjenner at han er det.

Å se nåden og frelsen i Kristus er det største en kan se på denne jord. Ingen kan se frelsen uten at den blir hans eiendom.

Jeg skammer meg når jeg tenker på at jeg til tross for munnens bekjennelse så lite har kjent Kristi blods kraft, skjønt det er hjertebladet i evangeliet. Nest etter helvete kan intet synes forferdeligere enn en laget kristen dom uten Kristus.

Du kan ha mye godt i deg, og likevel kan det ennå mangle deg ett, det som gjør at du går bedrovet bort fra Kristus (Mark. 10, 21-22), det du ikke har oppgitt din egen rettferdighet. Vel kan du ha nådd langt i gode gjerninger som glimrer i verden, men likevel kan du med all din bønn og gudstjeneste være Kristi erklærte fiende og motstander (Rom. 14, 23. Hebr. 11, 6).

*Etter «Honningdråpet»*

## *Lova*

Av Amund Lid

Dei to orda *lov* og *evangelium* møter me ofte i Bibelen og den kristne forkynninga. — Skrifta sitt innhald består av lov og evangelium. Båe to er dei Guds gâve og bodskap til menneske, og nødvendige for å bli frelst og for å byggja eit godt samfunn her på jorda.

Det er vel også grunnen til at bladet vårt har fått namnet «Lov og Evangelium». Også på denn måten ville me vera med å forkynna heile skrifta sitt innhald — så langt Gud gir nåde til det.

I tida framover vil me ta med litt av det

Skifta forkynner om og av lova. Kva lova er, kva den er gitt til - lova sitt mål, og kva lova forkynner oss. Det første og største bodet, som er heile lova sitt innhald, og sidan var det tanken å ta med eit av boda i kvart nr. i ei tid framover.

### Kva er lova?

Lova er også ei gâva frå Gud, det må me ikkje gløyma. Lova er god, om me brukar den på lovleg vis. Tenk litt over korleis det var om me ikkje hadde den. Lova blei gitt av

**Bladet Lov og Evangelium**

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund  
 Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord  
 Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

*Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
 boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69  
 Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund  
 postgiro nr. 68213  
 Bankgiro : Vikøy Sparebank,  
 Norheimsund 3530.07.09492  
 S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

Gud, ved Moses (Johs. 1, 17). Gud skrev den på to steintavler med sin egen finger. På den første tavla tre bod, som handlar om vårt forhold til Gud. På den andre tavla sju bod, som handlar om vårt forhold til vår neste. Utanom dei ti boda møter me også lova forkynnt mange gonger og på mange måtar gjennom heile Skrifta — som er Guds ord til oss.

Lova forkynner oss korleis Gud er, hans vesen eller natur, for å bruka menneskelege ord, Guds vilje. Best ser me det ved å studéra Jesus og hans liv her på jorda. Jesus var og er alt det som lova forkynner, for han levde etter lova frå vogga til grav. Han seier sjølv at han kom ikkje for å avlysa lova, men for å oppfylla den (Matt. 5, 17). Skrifta seier at han er enden på lova, til rettferd for kvar den som trur (Rom. 10). I Jesus ser me lova oppfyllt, sett ut i livet av eit menneske — det einaste menneske på jorda, Menneskesonen. Og det både i hjertelivet og det ytre livet han levde på jorda.

Lova sitt innhald og mål er eit menneske med eit reint hjarta, eit godt samvit, ei

uskrympta tru (1. Tim. 1), som elskar Gud over alle ting og sin neste som seg sjølv. Det hadde Jesus, det gjorde Jesus, og det var og er han.

**Kva er så lova gitt til?**

I Galat. 3, 19 spor Guds ord : Kva skal så lova tena til? Mykje i alle måtar, svarar ein Guds mann.

Det naturlege menneske sin tanke er at lova er gitt til frelse. Dei trur at den som innrettar sitt liv etter Guds ord eller lova, og har lova og bergpreika som ideal og leveregel og gjer etter dei så godt dei kan, dei blir frelst ved det. Den som tenkjer slik, visar at han kjenner ikkje Guds ord. Jesus seier om slike : De fer vill av di de ikkje kjenner skriften.

Skrifta vitnar klårt her : Men at ingen blir rettferdig for Gud ved lov gjerningar, det er audsynleg, for den rettferdige ved tru skal han leva (Gal. 3, 11). For dersom rettferd er å vinna ved lova, så døydde Kristus utan grunn (Gal. 2, 21). For så mange som held seg til lov gjerningar, dei er under forbanning (Galat. 3, 10).

Lova blei gitt for at synda og fallet skulle bli stort (Rom. 5, 20), for at kvar munn skulle tagna og kvart hjarta bli skyldig for Gud (Rom. 3, 19), ved lova skulle me læra å kjenne vår synd (Rom. 7, 7), for der det inga lover, der er det heller ikkje synd (Rom. 4, 15). for synda er lovbro (1. Johs. 3, 4).

Men om me av dette ser at ingen blir frelst ved lova, så viser også Guds ord at ingen blir frelst uten lova. Ved den lærer me å kjenna vår synd og blir skyldige for Gud, og det er berre skyldige syndarar som treng frelse og som kan bli frelst. Jesus kom ikkje for å kalla rettferdige, men syndarar. Lova er Guds tuktemeister, som driv syndaren til Jesus for å bli frelst. Ingen kjem til meg utan at Gud har drege han, seier Jesus. Til det brukar Gud lova, som lærer deg å kjenna deg sjølv og di synd, og den heilage og rettferdige Gud. Derfor seier Jesus til sokjande sjeler : Kva

seier lova? Gjer det, så skal du leva!

*Men lova er gitt også for jordelivet.* For at det skal gå oss vel og at me kan leva lenge i landet, som det lyder i eit av boda. For å vara oss frå synda si øydeleggjande makt, for å byggja ein god karakter, byggja gode heimar, fostra gode samfunnsborgarar, og skapa eit godt og leveleg samfunnsliv her på jorda.

*Guds ord seier at lova er ein varetektsarest* (Gal. 3, 23), der syndaren blir halden inne i varetekt inntil trua på Jesus kjem. Men når trua på Jesus er fødd i hjarta og liv, då kan han sleppast ut frigjort frå lova, utan fåre for andre menneskē og for samfunnet — for då er lova innskriven i hjarta ved den Heilage Ande. Syndaren har fått ei ny ånd og eit nytt sinn, som vil det lova vil. Den som trur på Jesus er den beste samfunnsborgaren, og den som samfunnet har minst bry med.

Lova er ikkje sett for rettferdige, men for lovlause, agelaus, ugudlege og syndarar, vannheilage, ureine, mordarar og dråpsmenn, horlkarlar, syndarar mot naturen, røvarar, ljugarar, meineidrar, og *alt anna som er imot Guds lov* (1. Tim. 1, 9 - fg.)

Menneske er av fødsel og natur syndarar. Blir ikkje menneske halden i varetekt under lova, så dei har age for Gud og hans ord, for lov og rett, så vil synda ta overhånd. At dette er rett, det skulle me som lever i vår tid ha godt høve til å sjå, me som lever midt oppe i ei fråfallstid.

Guds ord og lov er ikkje lenger høgste autoritet i vårt lovverk og styringsverk, for dei som styrer og rår i landet. Når ein ser eller høyrer på tida sine «oppsedande» massemedia, set ein ofte att med det inntrykk at Sverige og Danmark er dei toneangivande og fribilete, i staden for Guds ord og lov. Straffa over synd og lovbro blir meir og meir mild og human med syndaren.

Guds ord og lov blir trengt tilside i heim, skule og barneoppsending, til fordel for religionsopplysning og andre fag. Og fruktene

uteblir ikkje.

Me har fått ei slekt som har lite og inkje age for Gud, for Guds ord, og for lov og rett i samfunnet. Sedløysa blir vanleg ofte heilt ned i skulealderen. Tjuveri er igjen vanleg som i eit heidningeland, så statistikken fortel at det kvart år blir stole for hundra millionar berre i våre forretningar. Innbrot og ran er vorte ein leveveg for mange, som i viking-tida. Såg at forsikringsselskapa betalte meir ut i tjuveriforsikring enn dei tok inn i premie. Overfall og vold tek til i ein uhyggeleg grad. Biltjuveri er blitt ein sport for ungdomen som veks opp. Drikk og narkotikamisbruk tek over hand, så det blir ei svøpa over samfunnet som dei står makteslause overfor.

Mange ser nok at dette ber gale i veg, og leitar etter nye midlar som kan demma opp for utviklinga — utan at det hjelper større.

Her er det berre ei råd som duger. Det er å la Guds ord og lov bli øvste autoritet i samfunnet sitt lovverk og styringsverk, skule og massemedia. Læra den unge slekta Guds ord og bod i heim, skule og gjennom alle dei midlar me har til rådvelde. Så respekten for Gud og hans ord, for foreldre, lærarar, og andre fyresette kan byggjast opp att. Likeeins respekten for lov og rett. Med lov skal landet byggjast, sa dei gamle.

Men lova er også nødvendig for ein truande. Den som er frelst og frigjord i Kristus, han er ikkje lenger under lova. Det vil seia at han er ikkje lenger lova noko skuldig, for han er ved Kristus frigjord frå skulda, domen og straffa som lova forkynner.

Om du i gjenfödinga fekk lova innskriven i hjarta, så du har eit sinn som lengtar etter å leva som Gud vil, så treng du lova for å få vita Guds vilje og veg — korleis Jesus levde og korleis Gud vil du skal leva.

Dertil brukar Gud lova i oppsedinga av sine barn. Den er Guds spegel, der Gud let deg sjå ditt naturlege andlet, let deg sjå korleis du er i deg sjølv etter kjøtet eller naturen. Så du ikkje skal gløyma kven og korleis du er

## Kjære misjonsvenner

Guds nåde og fred. Utvalt av Gud. Det blei teksten og emnet mitt på kinesisk nyårsdagen (27/1), då student No 2, Ho Gwang-Hong, blei døypt.

Han er her ifrå Kuala Lipis, men har no nes-ten eit år hatt ein kontorpost i Kuala Lumpur (K. L.) Den 30. nov. ifjor var han også heime ein tur. Det var då gravferd for ein onkel hans som døydde så brått. Eit tre fall over han i skogen under arbeid der. Gravferda var hei-densk, og Gwang-Hong kunne ikkje vera med på mykje der, så han kom over gata til oss på kontoret. Dao-Sheng hjelpte meg akkurat den dagen med å skriva ned dei siste rettingar på nokre kinesiske songar, som eg ville ha med meg til Singapore, og kanskje få publikert nokre av dei der. Me tri var då saman ein god del av den dagen, og det kjendest godt å vera ilag. Toget som eg skulle ta i femtida var ein ti timer forsinka, sa dei på stasjonen. Ja, de tvar 'kje meg i mot. No fekk eg meir tid ilag med studentane mine.

Det var bra for Gwang-Hong å få vera åle-i-ne med Dao-Sheng også, han som fyrt vann han for Kristus. Det var 'kje godt for han å sova heime, for det ville bli mykje rassing av avgudstilbedarar heile natta; så blei det ord-na med seng hjå Dao-Sheng. I samtalen på kontoret fortalte Gwang-Hong og las frå ei salme noko som hadde vorte ei hjelp for han

---

uten Jesus, og at du treng Jesus og hans nä-de for å kunna leva.

Derfor treng me både lov og evangelium, både i vår forkynning og i opplæringa av slektene som veks opp. Både lova som blei gitt ved Moses, og evangeliet som kom ved Jesus Kristus. Båe to er Guds gâve til men-neskeslekta, og dei har kvar sin gjerning å utfôra.

nyss. Det vart sitert noko som dei ugudelige seier og spottar, men også om Gud som veit om dette også, og som ser til den som set sin lit til Han, og veit å fri sine ut i rett tid.

Og Dao-Sheng fortalte at han nyss hadde vore åleine i jungelen, og det var 'kje fritt for at han tok til å føela. «Merkelig nok kom det for meg om Lott og dei som rymde frå Sodoma», sa han, «og serlig det om fru Lott som såg seg attende og blei til ei saltstøtta.» «Det blei slik for meg», sa Dao-Sheng vi-dare, «at om me skulle gå attende til verda, så ville me og bli liksom ei saltstøtta!» Ei al-vorleg og aktuell påminning! Dette var vist-nok det fyrste vitne-møte som me tri fekk ha ilag her i Kuala Lipis. Det var interessant og godt å sjå at det blei slik utan at eg hadde oppfordra dei.

Då flaumen kom her dei første dagane av januar, vart eg verfast i K.L. Gwang-Hong fekk då akkurat tid nok til å lesa igjenom manuskriptet mitt (Ei oversetjing av boka mi: «Kristelig eller anti-kristelig lære»). Det blei då nokså mange samver, og enno fleire spørsmål som me fekk samtala om. Og utan at dato-en for nokon dâp var avgjort, blei dette li-kevel ei slags førebuing. Den 14. jan. skrev Gwang-Hong og spurte om han kanskje kunne bli døypt med kinesisk nyttår. Eg vart glad for dette, men tida til førebuing, då ein går gjennom bud, artiklar og bøner, blei det lita tid til. Eg skrev til han at han måtte kunna svara på kva spørsmål eg enn sette til han frå Forklaringa.

Vitne måtte eg sikra meg i tide. Dao-Sheng var eit. Eg spurte den kinesiske «dok-toren», som var vitne då Dao-Sheng blei døypt — men det høvde ikkje for han denne gongen «Men venen min, Li-Ba, kunne du vel spørja?» Ja, det skal eg gjera. Eg nemnde først til Dao-Sheng at «doktoren» skulle reise burt

med kinesisk nyttår, og han (doktoren) nemnde så venen sin. «Eg trur nok eg skal finna ein som er villig til å hjelpe oss», meinte Dao-Sheng. Og han fann ein, og Li-Ba som eg spurte var også villig, men det høvde best ein time tidligare. Og såleis blei då møte denne gongen kl. 3 e.m. og med tri vitne.

Det kom fem menn utanom dåpskandidaten og meg. Møte gjekk for seg på engelsk men me song på kinesisk, for der hadde me sangbøker som høvde godt. Denne songen song me som bønesang først :

«Ånd fra himlen, kom med nåde, Kom med liv og lys her ned ! La din guddomsmakt nå ráde, Gjør oss vis til salighet ! Livets ord DU selv forklare Så det virker hva DU vil, At vi må dets kraft erfare, Fyll vår sjel med hellig ild !

— — —

«Gå til hvert bedrøvet hjerte Som på syndens byrde bær, Før dem ut av angst og smerte, Å tal fred til sjelen her !»

Den siste strofa var då vår bøn for dei ufreste. I lag med bror sin har Li-Ba den største jernvare og malarforretning her i byen. Dao-Sheng sa : «Eg har hørt noko om at Li-Ba har vore med ein gong før», no vart han sett opp som vitne nr. 3. Vitne nr. 2 var ein kjenning av Dao Sheng. Kanskje han er nær Guds rike. Så var det to menn til : Ein av dei sa til meg at han var ein kristen. Han går i Metodistkirken her; ein rundlett og tiltalande kinesar, som nett no forresten gjekk av på pensjon, 55 år gammal. Han ba eg med meg. Men kven som hadde fått Dzen-Gan, ein i frå Kuala Lipis Christian Church med, veit eg ikkje. Eg ynskte no alle velkommen, og ba ei kort bøn, før eg las opp teksten i Joh. 15, 16.

Men før eg sa noko om sjølve teksten, svara eg på eit spørsmål som fleire sat med : Kva går den dåphandlingen ut på? Gwang-Hong kunne ha fått dette spørsmålet i overhøyringa, men for gjerne å spa litt tid svara

eg på det sjølv. Det var Jesus sjølv etter fullenda frelsesverk, som gav sine utsendingar orden om å døypa og å læra. Og me lutherske brukar då ausa tri gonger vatn over hovudet. Andre brukar heil neddykking, og det er greitt nok. Ja, for så vidt illustrerer det ei gravlegging betre. Dåpen er nemlig det at Jesu død, gravlegging og oppstoda skal bli tilrekna den som no vil tru på Jesus som sin einaste Frelsar. Det er 'kje vatnet som er det viktigaste. Det er Jesu ord om soningsverket Hans ! Og den Hellig Ånd er det som må gje ra det levande for sjela. Og det kan vera på sin plass å bruka heller lite vatn, for å understreka at det ikkje er vatnet det kjem an på. Det er praktisk og brukbart også overfor barn som bør døypast, når far og mor er truande. Dei som held så fast på heil neddykning, dei må då også ha munn og nase under i vatnet om det skal illustrera ein død. Og no auser eg vatn over hovudet så det flyt over både nase og munn. «Å du med det dåpsbarnet ditt!» «Slutta no med slikt !» — Akkurat som me i vårt eige organ ikkje skulle ha rett til å hevda vårt bibelske syn ! Dei som kjem med så mykke ubibelsk, dei tegjer sanneleg ikkje stilie i dag, slettes ikkje på misjonsmarkene. No sist veka gav ein inder meg ein traktat, og det er ikkje den første eg får om dåpen m.a. Og der stod dette fine : «Om et barn dør, døpt eller ikke, så går sjelen rett til himmelen, for det sonende blod renser fra den adamitiske synden.» Det vart ein humansk tanke det, men er den bibelsk? «Heidningebarn kjem til himlen», sa ei misjonærdama til ein ungdom her. Bibelen lærer ikkje det. Alle må møte Jesus Frelsaren. Også barna, og dei kan bli hindra, seier Guds ord. Altså treng dei om å møta Frelsaren. Og det får dei no berre gjennom nådemidla. Korleis kan dei tru der dei ikkje har hørt? spør Guds ord. Og det er ordet om korset som er ei Guds kraft til frelse for dei små også. Og kvifor skulle dei ikkje få del i det? Utan de blir som barn,

kjem de ikkje inn i Guds rike.» Dermed kan me godt seia at all bibelsk dåp er å rekna som barnedåp. Kven sin død er det no dåpen skal illustrera? Det er Jesu Kristi død ein gong for alle! Heile Hans soningsverk blir no av Gud tilrekna dåpskandidaten som trur på Sonen!

Så pass om dåpen no. — Talen elles om å vera utvalt av Gud, blir for lang å ta med.

Me song sangen, «Hin time i Getsemane», og sidan fleire gjerne ikkje var kjend med Getsemane, så las eg fyrst opp om Jesu kampder. Den sangen er gripande på kinesisk. Og så var det overhøyringa:

Kvífor skapte Gud menneskja? var fyrste spørsmålet. Det har nok ein kvar vaksen heidning tenkt på. No fekk me eit kjapt og greit svar. Elles var det berre nokre av dei viktigaste spørsmåla eg tok fram ganske kort, og svaret kom som regel lett og godt. Helst altfor lett. Eit spørsmål var eg ikkje nøgd med. «Kan du no sjølv oppfylla Guds lov?» Svaret var: «Ja, i tru på Jesus kan me oppfylla lova» Jaså, du trur det. Du meinar når du er fyllt av den Hellig Ånd så talar og handlar du rett. Ja. Men tett etterpå kjem gjerne tankar opp om at no er du betre kristen enn desse gamle truande. Og no treng du ikkje å be på ei stund. Og så blir dine beste gjerningar smitta av synda som bur i deg. Er det ikkje så? «Jau». Men då har du jo brote Guds lov som seier du skal over alle ting og *alltid* og av *hjarta* elsa Gud. Så står du skuldig. Skuldig til kva? Til å gå evig fortapt, er 'kje det sant? «Jau». Men så kan eg forkynna for deg at Jesus kom nettopp for å sökja å frelsa det som var fortapt! Trur du, Gwang-Hong, at Jesus døde for alle dine synder? «Ja, Jesus døde for alle mine synder». Ja, på det døyper eg deg.

Ho Gwang-Hong født 10/10 1949 fekk då i dåpen eit nytt (for)-namn: Suen-Dji og blei døypt i den trieinige Guds namn.

Me song til slutt den gode songen av Hans Adolf Brorson: «Å hvilken ære, For tanken

all for stor, Hans barn å være som i det høye bor. Når man er blevet Til Herren *rett omvent* Fra verden revet, *Med Jesus rett bekjent, I himlen skrevet, Med Lammets røde prent!*» (S. 357).

Dåpsatesten og nokre kopi blei då underskrevne. Møte varte ein 3 kvarters tid. Kinesisk nyårsdag vil nok dei fleste kinesarar lika å vera mest mulig heime.

Nattverdmote har Dao-Sheng og eg som regel hatt anna kvar sundags kveld, men me vart einig om å setja det ut til onsdagskvelden, så kunne den «Ho» også få vera med på møte. På nattverdsmote tkl. 20.00 sa eg fyrst til dei at noko var galt i ettermiddag anten med meg eller elles. Djævelen hadde nok møtt opp, det er så. Men kanskje nådde ikkje breva mine heim til Norge i tide, så dei heime kunne vera med i bøn, eller kva? — Ein annan ting eg må nemna er dette med mi underskrift på dåpsattestane dykkar: Det står «etter grundig undervisning i kristen-lære og kristen-åtfærds; blei dei døypte av meg. No må eg vedgå det at eg burde ha hatt minst ei vekes tid til førebuing, der me kunne gå igjenom alle bud, truesartiklane og bønene eit for eit, og hørt om de kunne dei utanatt også. De er unge no, og burde kunna dette utanatt. Vil de lova meg å halda fram og auka kristendomskunnskapen også slik det finn den i forklaringa, og gjerne kunna det utanatt både på kinesisk og engelsk? Dei svara meg båe ja på det.

Eg må då vedstå for dykk heime at eg har ikkje gjort det så godt som eg burde i denne førebuinga. Det eg har sett etter er om dei var ærlige. Men kunnskapen må også til. Så eg lover bot og betring; eg vil ta dei for meg i overhøyring framleides. Alle bud eit for eit, og så i sjølve trua. Gud hjelpe meg til det! Amen.

Eg gløymte å nemna det i samanheng med flaumen, at vatnet nådde ikkje til å gjera noko skade på romane mine medan eg var burte. Ikke blomsterbeddet mitt heller blei skada.

# For de vart kalla til fridom

(Galat. 5, 13). Av Amund Lid

«For de vart kalla til fridom, brør. Bruk berre ikkje fridomen til høve for kjøtet, men ten kvarandre i kjærleik». Slik talar Gud til oss gjennom sitt ord.

Me menneske talar om og trår etter mange slags fridom, som t.d. nasjonal fridom, økonomisk fridom, eit frigjort livssyn og måtte å leva livet på, kvinnene lengtar etter og stirr for meir fridom frå tenesta i heimen for å kunna tena mammon, på likefot med mannen, ute i arbeidslivet osv.

Men når Gud kallar oss til fridom, så er det til ein heilt annan og mykje større fridom. Det er til

## Fridomen i Kristus

Det er den einaste verkelege fridomen. Jesus seier om den: «Den Sonen får frigjort, han vert verkeleg fri» (Johs. 8, 36). Det står om denne fridomen at den er fullt ferdig, det vil seia at frigjeringsverket er gjort, for alle

Vatnet kom ikkje så høgt. Og Gud har elles vore god mot meg på mange vis. Helsa har eg, arbeid har eg, og arbeidsro er heller ikkje å klaga på. Det sveraste for meg er når eg tykkjer alt blir liksom turr teori áleine, óg grip ikkje hjarta. «Troen vil svikte, og hápet vil vakle. Solen er borte, *i sjelen er natt!*» Då er det ikkje lett å vera misjonær. Men Guds ord og løfte står likevel urikkande fast; for dei har sitt ja i Kristus, og får sitt amen i Honom. Og Han var det som tok til med ei god gjerning. Ikkje me valte Han, men Han valte oss ut. Han vil også fullföra den gode gjerningen, og halda trua ved like!

Så vil de vera med i bønevakta framleides, takk!

Helsing dykker utsending Andr. A. Bø.

som vil la seg frigjera. «Til fridom har Kristus frigjort oss.» (Galat. 5, 1).

Det gjorde Jesus då han på krossen sona heile verda si synd ved sitt eige dyre blod, og tok domen og straffa på seg for at me skulle gå fri (Esa. 53). Då han oppfyllte heile lova, i dei to største boda som er heile lova sitt innhald: Du skal elska Gud over alle ting, og nesten din som deg sjølv (Galat. 55, 14) Og då han reiv ned gjerdet, skilleveggens som synda reiste mellom menneske og Gud, då han slo fiendskapen ihel (Efes. 2), og kjøpte menneskeslekta fri frå synda og alle dens fylgjer og vann oss ei evig utlösning.

Av di Gud elska oss slik at han sende Jesus til jorda for å utföra dette frigjeringsverket, og det er fullfört, er det at han kallar oss inn i denne fridomen. Han ropar ut fridom for fangar, for alle som er fanga under synda si makt og lid under synda sine mange fylgjer i livet, döden og domen. Kom, alt er ferdig!

## Den personlege frigjering

Skal det Jesus har gjort for deg bli deg til nytte, så må den Heilage Ande få frigjera deg personleg frå synda og verda si makt. Apostelen Paulus vitnar: For livets Ånd har i Kristus Jesus gjort meg fri frå synda og döden si lov (Rom. 8). Er dette ditt vitnemål? Har du funne utlösinga i Jesus Kristus? Då er du salig og fri i di ånd og i ditt samvit, for synda er tilgitt og Jesus har gjort deg fullkommen for Gud (Hebr. 9, 9-14, og 10, 12-23).

Til tross for at Jesus har opna döra frå fangehuset, så sit dei fleste ennå bundne i synnda. Bundne av verda og tida si ånd, så dei gjer det som kjøtet og tankane vil, og er av natura eit vredens barn (Efes. 2). Dei blir leia og dregne av denne verda sin fyrste, bort frå

Jesus og fridomen i han, til ei evig fortaping.  
Du er vel ikkje ein av dei?

Kom då ihug at Jesus kallar deg til fridom i trua på han og i saman med han.

Korleis skal me så brukta denne fridomen vår? Ein fange som kjem ut frå fengslet, fri, han kan brukta den fridomen på to ulike måtar. Han kan fylgja si syndige natur tilbake til synda og forbrytarlivet. Det er den lettaste veien å gå, men den fører tilbake til treldomen under synda og det vonde og før eller sidan tilbake til fangenskapet. I røynda er det ein tung veg, som fører til liding og ulukka her i livet og til sist i evig fortaping.

Men får dei beste krefter tak og han har lært av straffa, så kan fridomen føra han til å leva eit nytt liv for seg og sine som ein lovlydig samfunnsborgar i teneste for det samfunnet han lever i.

Slik er det også for den som blir frigjort i Kristus. Han kan nytta fridom på to heilt ulike vis.

### **Bruk berre ikkje fridomen til høve for kjøtet.**

Der finst også ein *kjøtleg fridom*, der kjøtet vil gjera seg nytte av fridomen. Den vegen fører tilbake til treldomen og livet i synda og i teneste for synda. Det er årsaka til at apostelen åtvarar oss.

Også ein frigjort kristen har framleis kjøtet, den syndige natur, å stri med. Anden, som bur i deg, strir imot kjøtet, og kjøtet imot Anden, så de ikkje skal gjera det de vil (Galat. 5, 17). Kjøtet har sine lengsler og lyster, vil gjerne bli rekna med og bli noko — også på de tåndelege og kristelege plan. Det vil gjerne leva, og trår etter noko å leva av og på. Så her blir det strid, strid for levemåten og om kven som skal vera herre i hjarta og livet. Anden eller kjøtet. «Lever de etter kjøtet, skal de døy, men døyder de gjerningane åt lekamen ved Anden, så skal de leva» (Rom. 8, 13).

Denne striden er du nok ikkje ukjend med, så sant du er frelst. Det kjem til syne når du skal be, lesa Guds ord, halda andagt for dine. Då vil du nok merka at kjøtet er imot, det har ikkje lyst, det har så lite tid og så mykje anna som ikkje må forsømast. Her går det an å brukta fridomen til høve for kjøtet ved å lyda til — og fylgja kjøtet som seier: Det er nå ikkje det at me bed og les som gjer oss til kristne. Det er mange som lever i treldom med slike ting osv. Når me skal vitna, be offentleg eller forkynna Guds ord, då er kjøtet frampå og vil gjera det godt, søkja si eiga æra. Og går det därleg, så du skjemmer deg ut, då lir og vrir kjøtet seg og kjem med sine argument for at du må teia: Det er så lite det du har å fara med, du skjemmer ut og gjer skade for Guds rike osv. Kven pleier å vinna, kjøtet eller Anden?

Den kristne fridomen kan også brukast til høve for kjøtet, i «Øyenslyst, kjøtslyst og storlæste i livnad». Nikolas, ein av dei sju første diakonane som blei valde til teneste i menigheten, brukte fridomen til høve for kjøtet. Dei forkynnte fridomen i Kristus, men brukte den til høve for kjøtet ved å forveksla den kristne kjærleiken med den menneskelege og kjøtelege, ved å pynta seg, og ta del i det verdslege livet. Det enda i avgudsdyrkning, usedelighet, og fråfall frå Kristus.

Paulus skriv om medarbeidarane sine at dei sökte alle sitt eige. Å sökja sitt eige framfor Guds, på det jordiske og menneskelege plan, og å sökja eige æra, anseelse og makt i det kristne liv og tenesta, det er å brukta fridomen til høve for kjøtet. Likeeins å sökja næring for det naturlege og kjøtelege i vårt sjels og åndsliv, framfor næringa for vårt truesliv og det nye menneske i oss.

Det står skrive om nokon av Galatene, at dei ville ta seg godt ut i kjøtet, vera fri anstøtet av Kristus og evangeliet, kunna rosa seg av eige og andres kjøt, derfor ville dei ha omskjerelse av kjøtet i tillegg til Kristus (Galat. 6, 12). Det er å brukta fridomen til høve for

kjøtet. Det blir det anten me krev noko av oss i tillegg til Kristus, eller me set visse krav til oss for å ha rett til å tru på Jesus — tru nåde hjå Gud.

### **Men ten kvarandre i kjærleik.**

Her anbefalar apostelen oss ein annan måte til å bruka fridomen i Kristus på. Me er fri gjort av Kristus, for å tena andre i kjærleik. Og det har me mange høve til, om me ser dei, og har kjærleik til å nytta dei.

Først og fremst kan me tena andre ved å bringa dei evangeliet om Jesus og nåden og frelsa i Kristus. Det kan me gjera ved å forkynna evangeliet, og ved å bera fram Kristi vitnemål i forsamlingsa og på to manns hand. Ved å vitna om det Gud har gitt oss og openberra for oss i Kristus.

Mor og far har det største og beste høve til å tena barna sine i kjærleik. Ingen har vel Gud gitt større høve til det enn ei mor. Du kan tena dine i kjærleik i heimen, først på det menneskelege plan, ved å skapa ein god heim. Då tenar du først dine i kjærleik, og dernest samfunnet du lever i, for som heimane er blir samfunnet. Det er ikkje for inkje at djevelen vil riva sund heimane, ved å få kvinnene misnøgde med å tena i heimen og og reisa krav om fridom til å tena mammon i likskap med mannen ute i arbeidslivet.

Og det som meir er, det er at ingen har slikt høve til å tena barna med evangeliet. Du kan tena dei i kjærleik med å be med dei og for dei, ved å fortelja dei om Jesus og lesa for dei frå skrifta. Ved å tala med dei om synda, og ved å erkjenna eiga synd, og gå sammen med dei til han som kan tilgi synd og møter oss med miskunn og nåde. Ved å syngja for dei om Jesus, og læra dei å syngja frå songbok og salmebok. Det er å bringa vidare Kristi vitnemål frå dei som levde før oss. Som far kan me tena dei ved sjølv å leva med Gud i kvardagen, ved å vera prest i vårt hus og tena dei ved å gjennomføra dag-

leg andagt i heimen, og ta dei med der Guds ord blir forkynnt. Her er rik anledning til å tena, og stor omsetning av kjærleiken. I heimen, og serleg mens borna er små, har me den laglege tid, der tenesta ber mest og størst frukt.

Mange er dei som må trega og gråta seinare i livet, for at me ikkje brukte den laglege tida som me skulle, men let kjøtet gå først.

Den som stemplar synda som synd, og sjølv tek avstand frå den i ditt eige liv, og ikkje fer med fusk og uerlegdom i handel og vandel og det du elles har med andre menneske å gjera, tenar andre i kjærleik.

Sjølv om dei blir sinte på deg, og ikkje toler deg, så tenar du dei ved at Gud gjennom deg får vekkja deira samvet og skapa eit vondt og verkande samvit så dei blir urolege i si synd. Den som lever med Gud og ferdast i Anden tenar verda, ved å vera deira lys og salt. Her er det nok stor mangel på teneste i vår tid, for så mykke av saltet er kraftlaust, av di fridomen i Kristus blir i stor utstrekning brukt til høve for kjøtet. Tenk berre på den store skilnaden på «kristen fridom», frå våre besteforeldre si tid og til idag !

Me kan også tena vår tid ved å vedkjenna oss korsets evangelium, og ved å bringa det vidare, også i ei fråfallets tid som den me lever i. Ved å utfylla i vårt kjøt, det som ennå vantar i Kristi liding for evangeliet.

Så kan me tena dei andre i kjærleik i samfunnet av Guds folk. Først ved å vera der, så dei kan rekna med oss. Vidare ved å eiga ei villig ånd og eit villigt sinn til å tena. Det er kostbar vara i vår tid. Ved å vera innstilt på å ha noko å gi, så me er med og før Jesu lam og voktar sauene hans. Har du ikkje noko å gi, så seier skrifta at me kan be Gud om å få — for Gud gir den som ber han.

«For de vart kalla til fridom, brør, bruk ikkje fridomen til høve for kjøtet, men ten kvarandre i kjærleik». Les heile kap. i Galat. 5 !

## Hører du Guds røst?

*Om noen hører min røst og åpner døren,  
da vil jeg gå inn til ham og holde natt-  
verd med ham, og han med meg.*

(Johs. openb. 3, 20)

Det er du selv som har nøkkelen til din hjertedør, og det er du selv som må lukke opp døren. Din frelser står utenfor og banker. Han ønsker så såre å få komme inn, men lukker du ikke opp må han banke forgjøves. Han har aldri sprengt en eneste dør, og aldri kommer han til å gjøre det. Bare til den som lukker opp går han inn! Som en fattig husvill går han omkring, og han ber om å få komme inn til deg. Kan du tenke riktig over dette, og allikevel holde ved å stenge din dør for ham? Da er du et hårdt og gjenstridigt menneske, da trår du på jordens varmeste og ømmeste hjerte. Da trår du på din frelse, din fred, din himmel og din salighet.

Du ulykkeligste menneske på jorden, som setter ditt hjerte imot din Gud! Hvilken gny vil du ikke måtte høre, når døden sprenger din dør, og du må frem for Den Hellige uten å få nåde! Hvor gjerne ville du ikke da for enhver pris kjøpe tilbake et nådens slag på din dør, men nei, likeså visst som han er nådig, så er han rettferdig. Han tretter ikke med menneskenes barn til evig tid. I seg selv har Gud ingen ende på sin kjærlighet, men for den enkelte er der en ende. Derfor må du søke Herren, mens han er å finne!

Jeg vet at du har hørt hans banken på din hjertedør. Ofte var slagene så ømme, at dine tårer rann ved å høre dem. Lås nå opp for dnn frelser i dag!

Også du som bekjenner deg som en kristen, du må holde frem å åpne for ham hver eneste dag. Så mye som du åpner, så mye går han inn. Har du lukket ditt hjerte opp for ham idag? — da har du sittet til bords i

Guds rike, og din sjel eier fred. Ja, salige er de som sitter til bords i Guds rike!

Ludvik Hope (Fra «I stille stunder på veien».)

## Sumarskulane 1971

Sumaren 1971 har Lekmannsmisjonen fylgende sumarskular :

1. *Namdalens i tida 23.—27. juni* : Leiarar: Ola Lyster, Harald Fæø. Talarar: Hjorthaug og Lid. Send innmelding før 15. juni til Harald Fæø, 7822 Bangsund, tlf. Namsos 87211. Program og pris vert lagt der nord, og det får De ved å venda Dykk til Fæø, eller det blir tilsendt ved innmeldinga.

2. *Avaldsnes i tida 21.—25. juli* : Årsmøte vert lagt til denne sumarskulen. Leiarar: Magner Aandahl, Karl Hjelmås. Talarar: Brandal, Linkjendal, Lid og Aakhus. Innmelding før 15. juli til Haldis Brandal, 4262 Avaldsnes, tlf. Karmøy 52230. Prisen blir kr. 85,00 for voksne, kr. 55,00 under 16 år, fritt under 7 år. *Alle må ta med spisebestikk, sovepose eller sengklær.* Teltplass kr. 5,00 pr. døgn for dei som steller seg sjølv, fritt for dei som tek maten inne. Sei frå ved innmeldinga om De vil ha full pensjon, berre middag, bu i telt og stella maten sjølv.

### Program :

Onsdag 21. juli : Kl. 19.00 samling. Kl. 20 velkomstmøte ved leiarane og Lid.

Torsdag 22. juli : Kl. 10 årsmøte, form. leier. Kl. 17 bibeltime ved Linkjendal over emne: Jesus og ungdomen. I. Kl. 20 kveldsmøta ved Brandal.

*Program :*

*Onsdag 4. august : kl. 19 samling. Kl. 20 velkomstmøte ved leiarane.*

*Torsdag 5. august : kl. 10.30 bibeltime ved Hjorthaug over emne : Kva er synd? Kl. 17 bibeltime ved Lid over emne : Det rette misjonssinn. Kl. 20 kveldsmøte ved Nygård.*

*Fredag 6. august : Kl. 10.30 bibeltime ved Brandal over emnet : Vakt. Kl. 17 bibeltime ved Hjorthaug over emne : Kva er nåde? Kl. 20 kveldsmøte ved Aakhus. Offer.*

*Lørdag 7. august : Kl. 10.30 bibeltime ved Nygård over emne : Eg har ikkje, men får. Kl. 17 bibeltime ved Brandal over emne : Omvendt. Kl. 20 møte med frie vitnemål, ved Hjorthaug.*

*Søndag 8. august : Kl. 11 møte ved Nygård og Brandal. Offer. Kl. 15 avslutningsmøte ved Hjorthaug og Lid.*

*4. Camping-bibelveka i Bygland i tida 10.—  
15. august : Lærarar : Brandal, Hjorthaug og Lid. Brandal tek emna frå Romerbrevet. Hjorthaug frå Efeserbrevet, Lid frå Galaterbrevet. Det blir bibeltime kl. 10, kl. 18 og kl. 20 kvar dag. Her er det forutsetningen at alle deltakarane bur i telt og steller maten sin sjølv. Bibeltimane blir i bedehuset. Ein fordel var det for dei som har høve til å vera med både på sumarskulen og bibelveka, for dei får lengre tid under Guds ord sin påverknad. Innmelding før 25. juli til dei same som for sumarskulen.*

*Pris kr. 20 for teltplass.*

*Så er alle, unge som eldre, hjarteleg velkommen til sumarskulane !*

*Styret.*

*Fredag 23. juli : kl. 10.30 bibeltime ved Aakhus over emne : Formaninga sin plass i bibel og kristenliv I. Kl. 17 bibeltime ved Brandal over emne : Dei to søner i Luk. 15. Kl. 20 kveldsmøte ved Lid. Offer.*

*Lørdag 24. juli : Kl. 10.30 bibeltime ved Linkjendal over emne : Jesus og ungdomen II. Kl. 17 bibeltime ved Aakhus over emne : Formaninga sin plass i bibel og kristenliv II. Kl. 20 møte med frie vitnemål, ved Nygård.*

*Søndag 25. juli : Kl. 11 møte ved Brandal og Aakhus. Offer. Kl. 15 avslutningsmøte ved Lid og Linkjendal.*

*3. Bygland i tida 4.—8. august : Leiarar : A. Lid og Kjetil Bergstøl. Talarar : Brandal, Hjorthaug og Nygård. Innmeldingfør 25. juli til Kjetil Bergstøl, 4684 Bygland.« Brukar du tlf. til Olav Aakhus, Bygland 37. Prisen blir kr. 85,00 for vaksne, kr. 55,00 under 16 år, fritt under 7 år. Teltplass kr. 5,00 pr. døgn for dei som steller seg sjølv, fritt for dei som har maten inne. Alle må ta med spisebestikk, sovepose eller sengklær. Sei frå ved innmeldinga om De vil ha full pensjon, berre middag, bu i teltplass og stella seg sjølv.*